



MINNEBOKA: Peter Helland er son av løytnant Johannes Helland som fekk ein plass oppkalla etter seg i ein liten fransk by 5. juni i år. No skal minneboka etter arrangementet 5. juni ligga på Kvalheim. Til venstre Karstein Vågenes som var sentral i arbeidet med Vestaver-filmene.

I faren sine fotefar

RADØY: Jagarflygar Johannes Helland frå Bergen var første norske flygar som landa i Frankrike etter invasjonen 6. juni 1944.

AV ØYVIND ASK
redaksjonen@nordhordland.no

5. juni i år var han heidra med at ein plass i Villons-les-Buissons, ein liten fransk by, blei oppkalla etter han. Kongen, statsminister Erna Solberg, forsvarsministeren og stortingspresidenten var til stades saman med andre prominente gjestar.

Diverre fekk han sjølv ikkje vera med på seremonien, for Johannes døydde i mars 2009. Men familien var der, kona Astrid, barn og barnebarn.

Minnebok

Det vart tatt mange bilde, og eitt barnebarn har sett saman ei minnebok for familien. No ville sonen til Johannes, Peter Helland, at eit eksemplar skal ligga på Kulturtunet på Kvalheim, som ein takk for arbeidet med dei tre Vestaver-filmene. Den



OVER NORDSJØEN: Johannes Helland om bord i «Duen», midt på

eine handlar om jagarflygarane, og der er Johannes med.

- Kva hadde far din sagt om denne heideren?

- Eg trur han hadde mislikt det sterkt, for han ville ikkje framheva seg sjølv. Han la vekt på at innsatsen i skvadronen var teamarbeid. Alle var avhengige av kvarandre. Utan bakke-

mannskapa ville aldri flya vore i lufta.

Visste lite

Peter Helland fekk sjølv sjå råopptaka som vart tatt av far hans i samband med Vestaver-filmene, og mykje var heilt nytt for han.

- Først etter at far min døyd-

de har eg fått betre oversikt.

Peter Helland bur i Oslo, og har sjølv vore flykaptein i SAS, som faren Johannes.

- Far min begynte i SAS-systemet i 1946, og flaug til han gjekk av med pensjon i 1980, fortel Peter.

Invasjonen

Johannes Helland rømde over Nordsjøen med skøyta «Duen» saman med 37 andre. 22. oktober 1941 forlet dei Øklandsvågen på Bømlo, og var framme på Shetland 25. Frå England gjekk turen vidare til Little Norway i Canada, der han vart utdanna jagarflygar.

6. juni 1944, invasjonsdagen, letta han frå Bognor Regis nær Portsmouth kl. 07.30. Skvadronen skulle beskytta landgangstyrkene mot tyske fly. Frå lufta kunne han følgja med i det som skjedde på bakken. Etter to timar måtte dei returnera for å etterfylle. Denne dagen flaug han to oppdrag over Normandie. Første dagen gjekk greit, den neste blei verre. På vegen tilbake til England kom dei i kamp med tyske fly.

Førstemann

11. juni var det klar ei proviso-

risk flystripe i St Croix-sur-Mer, og 332-skvadronen skulle landa der for første gong, Johannes som nummer tre. Nummer to vart skoten ned av tysk luftvern i nærheita, og flyet til Johannes vart alvorleg skadd etter treff i høgre ving. Førstemann såg at Johannes var skadd og trakk opp, og dermed vart Johannes Helland den første av dei norske til å landa på fransk jord.

Skoten ned

Johannes vart kreditert for 1,5 nedskotne fly før han sjølv måtte gje tapt.

4. juli vart Spit'en hans truffen, og han måtte hoppa ut over Chartres. Han landa uskadd, men på bakken stod tyske soldatar og venta. Resten av krigen sat han i fangenskap.



FERDIG UTDANNA: Johannes Helland i cockpiten.